



Peder og Erna på plass i Uskedalen

**Peder og Erna Hauge bur i Kleivavegen på Husnes, men denne helga bur dei i bubilen innunder Grano i Uskedalen. Dei er fans av Sotrabandet AristoCats som laurdag kveld spelar til dans i Helgheim. Både Husnesparet og 2 bubilpar til var på plass allereie tidleg i kveld og fleire var venta etterkvart. De mest langvegsfarande kom frå Eigersund!**

- Vi er ikkje her berre fordi vi likar bandet, som er prega av full fart og ein triveleg musikk. Det er snakk om ein kombinasjon, det betyr nemlig også mykje

å møte andre bubilentusiastar som vi har møtt mange gonger før på slike dansekvele. sa Peder og Erna.

Dei har svinga seg etter tonane til AristoCats også mange andre stader gjennom ei årrekkje, til dømes Norheimsund, Seljord, Voss og naturleg nok mange gonger i Bergensområdet. No håpar dei, som det arrangerande ungdomslaget, at riktig mange vil komma på Helgheim trass i at vi er i TV-alderen og sjølv om det er konkurrerande arrangement.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Husnesparet har sjølvsagt med seg musikken til AristoCats